

Saksframlegg

Utv.saknr	Utvalg	Møtedato
19/2020	Formannskap	16.03.2020

**Framlegg til lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Lom**

Vedlegg:

- 1 Forslag til forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar

**Innstilling frå administrasjonssjefen:**

Formannskapet vedtek å leggje forslag til ny *forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Lom kommune* ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjuken og på kommunen si heimeside.

**Saksprotokoll i Formannskap - 16.03.2020**

**Vedtak**

Formannskapet vedtek å leggje forslag til ny *forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Lom kommune* ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjuken og på kommunen si heimeside.

Samrøystes vedteke

**Saksutgreiing**

Det har i lengre tid vore etterlyst kommunal forskrift om open brenning i Lom kommune. Ei slik forskrift har heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6, Forureiningslova. Kommunen registrerer at det skjer ein del brenning som er uheldig og blir også kontakta av innbyggjarar med spørsmål om det er restriksjonar på slik brenning. Utan ei lokal forskrift etter forureiningslova vil det likevel vere forbode med open brenning "under slike forhold eller på en slik måte at det kan føre til brann" i medhald av *Forskrift om brannforebygging* § 3. Men kommunen vil ikkje ha noko eigna reiskap til å regulere open brenning ut frå omsyn til miljø, folkehelse og luftforureining.

Vågå kommune vedtok lokal forskrift om open brenning i 2007, Skjåk kommune vedtok tilsvarande lokal forskrift i 2016. Lom og Skjåk brannvesen har sett fram ønskje om at Lom kommune vedtek lokal forskrift med tilsvarande innhald som Skjåk kommune, da det vil gjere det enklare for brannvesenet med same regelverk i begge kommunane. Forslaget til forskrift som blir lagt fram i denne saka er derfor bygd på forskrifta som Skjåk vedtok i 2016, med mindre tilpassingar – først og fremst geografiske tilpassingar for avgrensing av tettbygde strøk.

I framlegget til forskrift er det eit klart skilje innanfor og utanfor tettbygd strøk; utanfor tettbygd strøk er det fleire unntak frå forbodet mot open brenning (§ 5 c i forslaget).

I framlegget er det i kartvedlegg til forskrifta vist kva som skal reknast som tettbygde strøk, på same måte som Skjåk har gjort i si lokal forskrift. Ein del andre kommunar, m.a. Vågå, har ikkje kartfesta kva som er definert som "tettbygd strøk", men viser til SSB sin definisjon:

*En hussamling skal registreres som tettsted dersom det bor minst 200 personer der. Avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter, men for noen arealkrevende bygningstyper – som boligblokker, industribygg, kontor/forretningsbygg, skoler, sykehus osv. – kan avstanden økes til 200 meter. Tilgrensende bebygde og opparbeidede områder, som parker, idrettsanlegg og industriområder, skal være del av tettstedet. Husklynger med minst 5 næringsbygninger eller 5 boligbygninger tas med inntil en avstand på 400 meter fra tettstedskjernen.*

Administrasjonssjefen vurderer det som meir tenleg å konkretisere "tettbygd strøk" i forskrifta ved avgrensing på kart. Det er lagt ved kartutsnitt som viser 4 område definert som tettbygd: Frisvoldskogen–Garmo, Fossbergom, Galdesand og Leirmo.

Kommentarar til foreslåtte avgrensingar av tettbygde strøk:

Frisvoldskogen–Garmo: I tillegg til bustadfeltet i Frisvoldskogen er avgrensinga trekt fram til Rv15, slik at Garmo oppvekstsenter og bustader som ligg i området her er teke med.

Området ved "butikken" og ved kyrkja har så pass få bustader at det ikkje er teke med.

Fossbergom: Området er utvida mot aust og nord slik at Åsjo naturreservat og området omkring eit godkjent sprengstofflager er teke med. Det kan diskuteras om det er formelt rett å ta med desse områda i definisjonen av "tettbygde strøk", men det er tenleg og ønskjeleg med eit strengt regelverk knytt til nærområdet for det einaste godkjente sprengstofflageret i Lom og Skjåk.

Galdesand: Området er relativt spreidbygd, men omfattar i tillegg til bustader campingplass, vandrarheim, butikk og kyrkje, og er derfor foreslått definert som tettbygd strøk.

Leirmo: Område aust for busetnaden, som er regulert til bustader men ikkje utbygd pr. i dag, er teke med innanfor avgrensinga. Det same gjeld området omkring tidlegare Odda skule og bustadene som ligg i området her.

Lokale forskrifter skal leggest ut til offentleg ettersyn før endeleg behandling i kommunestyret.

## **Vurdering**

Det er mange grunnar til at kommunen bør vurdere å innføre lokal forskrift for open brenning/avfallsbrenning:

- Ein relativt stor del av befolkninga har helseplager som følgje av denne typen open brenning
- Forbrenning er lite effektiv og avgassane blir ikkje reinsa
- Utslepp frå småomnar og open brenning forureinar vesentleg meir enn store moderne forbrenningsanlegg
- Privat forbrenning undergrev lovlege etablerte avfallsmottak.

Når det likevel er opna for bråtebrenning, halmbrenning og kvistbrenning utanfor tettbygd strøk i perioden 15. september til 15. april er det for at landbruksnæringa ikkje skal påleggast unødvendig strenge restriksjonar. På same måte er det foreslått at brenning av tørt hageavfall skal vere tillate utanfor tettbygd strøk i perioden 15. september til 15. april – dette for at dei som er busett slik at brenning ikkje medfører vesentleg ulempe kan sleppe å transportere hageavfall til miljøstasjonen. Slik brenning vil oftast ikkje vere heilt utan ulempe for naboar og andre, og eit alternativ som kan vurderast er å forby all brenning av hageavfall i heile kommunen.